

1 **TV PU 24-3 Me vil ha ei ambisiøs nasjonal satsing på jernbane**

2 Frå Midt-Telemark Venstre

3 Tog er ein grunnleggande infrastruktur i all berekraftig samferdselsstrategi. Så kor er dei store
4 vyane for jernbane i Noreg? I Nasjonal transportplan er grunnlaget 55 prosent til veg og 45 til
5 jernbane og kollektiv. Nasjonalt ligg ein i dag på om lag 35 prosent til kollektiv transport, men
6 dette er medreikna dei store kommunane som trekk dette talet opp. I store delar av landet er
7 forholdstalet langt dårlegare for kollektivtrafikken, og jernbanetilbodet er prega av at det ikkje
8 kan konkurrere på verken pris eller tidsbruk. Trass dette er det få konkrete planar eller løfter om
9 langsiktig investering og satsing på eit jernbanetilbod som både kan styrke distrikta, gi grøne
10 alternativ til reise mellom storbyane, få meir gods over frå veg til bane og i det heile tatt legge ein
11 minimumsstandard for eit moderne jernbane-Noreg.

12 Midt-Telemark Venstre vil ha ei forpliktande nasjonal satsing på jernbane i Noreg som inneber

- 13 • Utbedring av jernbanespor og auka kapasitet utanfor dei store byane
- 14 • Høghastigheitsbanar mellom Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim
- 15 • Tydelege planar for flytting av meir gods frå veg og over til bane og sjø
- 16 • Eit forholdstal mellom veg og kollektivtrafikk der kollektivtrafikk og jernbane står for
17 minst 45 % av trafikken, og at mykje av auken skal skje utanfor dei store byane